

Nytt **tilsynsområde** – på sporet av betre **folkehelse**?

For at kommunen skal få grep om kva folkehelseutfordringar han står overfor, skal han skaffe seg oversikt over helsetilstanden til befolkninga og identifisere helseutfordringar som bør følgjast opp. Med folkehelselova frå 2012 og reglar knytte til planarbeidet i kommunen har Statens helse-tilsyn og fylkesmannen fått eit nytt tilsynsområde. I 2013 har tre fylkesmannsembete gjennomført pilottilsyn med eit avgrensa tal kommunar.

I den nye folkehelselova er ansvaret for folkehelsearbeidet lagt til sjølve kommunen – ikkje berre helsetenesta i kommunen. Fylkesmannen skal undersøkje om kommunane og fylkeskommunane tek hand om

pliktene sine etter folkehelselova. Ansvaret for det overordna faglege tilsynet med folkehelsearbeid er lagt til Statens helsetilsyn. Kommunen har framleis tilsynsansvar for miljøretta helsevern.

Pilottilsyn

I 2013 gjennomførte Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, Fylkesmannen i Vest-Agder og Fylkesmannen i Østfold pilottilsyn med folkehelsearbeid i ni kommunar. Tilsynet omfatta ansvaret kommunen har for å halde løpende oversikt over helsetilstanden i befolkninga, og positive og negative faktorar som kan verke inn. Kommunen skal leggje oversikta til grunn når han vurderer eigna folkehelsetiltak. Kommunen skal utarbeide ei samla oversikt kvart fjerde år, og den løpende oversikta er eit ledd i dette arbeidet. Tilsynet vurderte om kommunen hadde styring og leiing som tok hand om desse pliktene.



Landsomfattande tilsyn med folkehelsearbeid i 2014

Alle pilottilsyna blei gjennomførte med utgangspunkt i ein felles rettleiar. Statens helsetilsyn justerer no rettleia- ren på bakgrunn av erfaringane fra pilottilsyna, slik at fylkesmennene får eit godt grunnlag for å gjere landsomfattande tilsyn med folkehelsearbeidet i kommunane i 2014.